

Varsel om endring av reguleringsplan for Fv. 5310 Fosse – Moldekleiv med oppgradering av Fossekrysset, planid. 125620160012

I medhald av plan- og bygningslova § 12-14 vert det varsle endring av reguleringsplan for Fv. 5310 Fosse – Moldekleiv med oppgradering av Fossekrysset, planid. 125620160012 i Alver kommune.

Forslagsstillar for reguleringsendringa er Vestland fylkeskommune, utførande konsulent er Rambøll.

Formålet med reguleringsendringa:

Gjeldande reguleringsplan vart vedteken 18.02.2021, og detaljprosjekteringen av byggjeplanen vart starta våren 2022 av Rambøll, på vegne av Vestland Fylkeskommune. Gjennom arbeidet med byggjeplanen for vegstrekninga vart det avdekka behov for flere mindre justeringar i av reguleringsplanen. Det er no utarbeidd nye plankart der alle justeringane er innarbeidd, reguleringsføresegnsene/bestemmelser til planen er oppdatert, og planomtalen er revidert i tråd med endringane.

Saksgang og høyringsfrist

I samråd med Vestland fylkeskommune har Alver kommune vurdert at endringa kan tas som ein mindre endring etter Pbl § 12-14, bakgrunnen for det er at planen nyleg var vedtatt. Vidare saksgang etter høyringa er handsaming i Areal, plan og miljø, APM og endeleg vedtak i kommunestyret.

Skulle det i høyringsperioden kome innspel/merknader som tilseier at planen ikkje kan handsamast etter forenkla prosess, vil saksprosessen endrast til full endring jf. Pbl § 12-14.

Det blir gitt 6 veker høyringsfrist for endringa.

Sidan Dykkar eigedom/interesse blir berørt av planforslaget, varslar vi med dette brevet endringane som er gjort i reguleringsplanen med **uttalefrist til 25.9.2023**, jf. Plan- og bygningslova § 12-10.

Følgjande endringar er gjort i plankarta:

Under følgjer ei opplisting av endringane ein har sett behov for, vist i kartutsnitt og tekst.


Generelt for alle plankarta:

Plankartet som følgjer reguleringsendringa er produsert i koordinatsystem EUREF89 NTM5, medan tidlegare plankart var i koordinatsystem EUREF89 UTM32. Kartutsnitta er difor endra i mindre grad.

Alle formålskodar er oppdaterte i samråd med SOSI 4.5.2 og ny kodeliste gjeldande frå 01.01.2022.

Det er gjort justeringar på senterlinja for hovudvegen (fv. 5310), samt påfølgjande justeringar på avkjøringar og gang- og sykkelvegar påverka av dette. For å betre lesbarheita på plankartet er omsynssoner for støy lagt på formål som ikkje er knytt til samferdsel.

Eksisterande plan



Ny plan




Endringar i Plankart 001: Ved Fossekrysset er tilkomstvegen på austsida flytta sørover, og det er lagt til snuplass ved kommunalteknisk anlegg (før o_SVG2, no o_AVT1). GS-veg er også justert for å tilpasse ny avkjøring. Desse endringane er gjort for å sikre tilkomst for større køyretøy til kommunalteknisk anlegg og kai, samt grunna utfordringar med høgdeforskellar og murar som vert liggande over det kommunaltekniske anlegget. Ved ombygging til X-kryss framfor to T-kryss her vil ein normalt auke trafikkrisikoen. For å redusere trafikkrisiko her har ein gjort ei rekke grep; Avkjørsle er retta opp, og treffer meir vinkelrett på hovudvegen. Avkjørsle ligg også høgare og meir i nivå med Fossekrysset slik at ein har betre siktforhold både mot og frå avkjørsle. I forhold til mjuke trafikantar på GS-vegen som kryssar avkjørsle, vil ein med ny løysing ikkje ha kryssingspunkt i en bakke med stigning over 7 %, men på eit flatare parti kor stigning er rundt 3 %.


Arealformål for bekken på austsida (NSV2) er utvida, grunna erosjonssikring.

På vestsida er fortau langs kommunal veg Fosse (o_KV4) lagt på sørsida, for å tilpasse mot nytt kryssingspunkt. Anna veggrunn – grøntareal langs vestsida er minska noko, og formålet på eigedomane 325/134, 325/156, 325/143 og 325/86 er endra frå *Bustader* til *Bustader – frittliggjande småhus* (BF1), i samsvar med underliggende plan. Det er lagt til faresone for flaum rundt bekken på vestsida.

Eksisterande plan




Ny plan



Endringar i plankart 002: Formåla langs vestsida endra fra *Bustader* til *Naturformål*, i samsvar med gjeldande plan. Det er også lagt til omsynssone for høgspenningsskablane, og for flaum soner. Heilt i nordleg del av plankart 002 er plangrensa utvida for å inkludere bygning på eigedom 325/66, som skal rivast. Tomta vert regulert til *Landbruksformål* (L3 i ny plan). Grunna justering av utsnitt er parkering (før f_SPA, no f_P1) berre synt på plankart 003.

Eksisterande plan




Ny plan




Plankart 003: Heile eigedom 325/123 er også inkludert i planen, og tomta er regulert til bustader (B5). I tråd med underliggende plan. Det er også regulert inn ei omsynssone for flaumfare på eigedomen.

Eksisterande plan



Ny plan



Formål på eigedom 325/67 er endra fra *Bygningar og anlegg* (BA) til *Bustader* (B6), i tråd med underliggende plan. Det er også regulert inn omsynssone for flaumfare nord for eigedomen. I enden av tilkomstvegen (f_V4) er det lagt til ei utviding av vegen, slik at den kan nyttast til biloppstillingsplass i samband med uttak av tømmer.

Eksisterande plan



Ny plan



Ved Littlebergen er fylkesvegen flytta omrent 3 meter mot sør-vest i høve til tidlegare plan. Dette er gjort for å sikre tilstrekkeleg areal til avkjøring og tilkomst for lastebilar/båttransport til og frå hamna. Gs-vegen er også trekt bak i krysset. Parkeringa (P2) i ny plan, og kombinert føresegn F/K er tilpassa

eksisterande situasjon. Vegen er delt opp i o_V5 og V6, for å skilje mellom offentleg og privat veg. Eksisterende trafostasjon er regulert inn med formål *Teknisk infrastruktur* (o_TIS1).

Eksisterande plan



Ny plan






Ved Littlebergen nord/Sunde er formål *Bygningar og anlegg* (BA) endra til *Bustader* (B9). Det er også regulert inn avkøyringspiler for jordbrukskjøretøy på begge sider av fylkesvegen.

Eksisterande plan




Ny plan



Mellan Sunde og Midtsundet er det regulert inn omsynssone for flaumfare rundt bekken. Ved Sunde er veggen justert ca. 3 meter mot sør-vest, samt heva opptil 1,2 meter for å gje plass til VA-anlegg som betrar flaumsituasjonen i området.

Køyrande til eigedomane 326/10, 326/24 og 326/10,35 må nytte avkøring frå fylkesvegen i nord ved Midtsundet og køyre sør på gs-vegen til eksisterande tilkomstveg.

Eksisterande plan




Ny plan




Plankart 004: Ved Midtsundet er avkøyring, gs-veg, fortau og kryssingspunkt justert. Veg til Midtsundet er regulert til felles veg, (f_V15). Turvegformålet er erstatta med avkøyringspil. Ved bekken er anna veggrunn og LNFR-formåla justert.

Eksisterande plan



Ny plan




Plankart 005:


På Moldekleiv var det planlagt et deponi for reine massar, kor ein samtidig skulle legge elv i røyr. Her var planen å utvide dyrka mark-arealet, slik at ein kom ut netto positivt i forhold til fulldyrka mark innan planområdet. Etter å ha rekna på kapasitetsbehov for røyr, og nedslagsfelt for elv, ser ein at det er vanskeleg å få til i praksis. Røyr vil verte svært store som følgje av kapasiteten dei må ha, i tillegg må ein ha ytterlegere større røyr for å ivareta fiskevandring som går i elva. I tillegg må ein ha om lag ein halv

meter med lausmasser/jord over drenerende masser rundt røyr, for å unngå at jordlaget tørkar raskt ut. Generelt er det ikke ynskjeleg å legge fiskeførande elv i røyr, og ein har fått eit stort fokus på å ivareta blågrøne strekk, samt å opne opp gamle naturlege elvar. For å kompensere på manglande jordbruksjord på Moldekleiv, innanfor planområdet, har Vestland fylkeskommune starta arbeider med å nytte reine overskotsmassar til utvikling av dyrka mark nord for planområdet, på Espetveit (sjå eige punkt nedanfor).

Eksisterande plan



Ny plan



Plankart 005: Tilkomstveg til eigedom 326/60 er justert. Bustadformålet er delt opp i Bustad (B14) og Bustad – konsentrert småhus (BK2) for å samsvere med naboplan.

Eksisterande plan




Ny plan




Ved Moldekleiv er det lagt til manglande avkøyringspiler, regulert inn formål *Teknisk infrastruktur* for trafo, og lagt til omsynssone for flaumfare. På vestsida av krysset mot Moldekleiv er *Annan veggrunn – grøntareal* endra til *Annan veggrunn – teknisk anlegg* (o_AVT), grunna konstruksjon for kanal/bekk som vert etablert langs vegen.

Eksisterande plan



Ny plan



Parkeringa for turgåarar ved Moldekleiv er gjort mindre for å unngå bekken, og arealtekst er lagd til i plankartet. Midlertidig rigg- og anleggsområde er også redusert.

Eksisterande plan



Ny plan



Mellan Moldekleiv og Grasdal er *Annan veggrunn – grøntareal* endra til *Annan veggrunn – teknisk anlegg*, grunna konstruksjon for kanal/bekk som vert etablert langs vegen. Omsynssone for flaumfare er lagt rundt kanalen. Tilkomstveg f_V19 på nordsida og V18 på sørsida er regulert inn.

Eksisterande plan




Ny plan




Ved Grasdal er det regulert inn pil for jordbruksavkøyring langs eideom 327/9.

Eksisterande plan




Ny plan




Avkøyring til 327/9 var regulert stengd i førre versjon av planen, men no er tilkomstvegen f_V21 regulert inn att.

Eksisterande plan




Ny plan




Nordleg tilkomstveg mot Moldekleiv er justert i plankartet for å tilpasse formålet til eksisterande veg, og redusere inngrep i landbruksareal.

Eksisterande plan



Ny plan



Plankart 006: Formål for tilkomstveg på eigedom 327/6 er justert slik at ein får med koplinga mot hovudvegen.

Eksisterande plan




Ny plan



Ved Grasdal skule er det gjort mindre justeringar på formåla for gs-veg og kryssingspunkt. Det er lagt inn formål *Privat tenesteyting* (T2) for samlingslokala til Betel. I nordleg hjørne av T2 er plangrensa noko utvida for å inkludere frisiktsona. Turvegen er justert for betre kopling mot kryssingspunktet.

Eksisterande plan



Ny plan



Vest for busshaldeplassen ved skulen er gs-vegen justert slik at den ikkje vert ført ut, då dette reknast som ei avkjørsle og ikkje eit kryss.

Eksisterande plan



Ny plan



betre flaumsituasjonen i myrområdet ved kryss mot Håtuftvegen. Dette gav også betre overdekking og fall for vass- og avlaupsrør i området. Bekken ved myra på nord-aust sida av fylkesvegen vert lagt i rør for å sikre vegen si fyllingsskråning. Det er regulert inn omsynssone for flaumfare på begge sider av fylkesvegen.

Tilkomstveg for eigedom 328/31 er regulert inn, formål for tilkomstveg til eigedom 327/22 er justert, og det er gjort mindre justeringar på *Annan veggrunn – grøntareal* på begge sider av hovudvegen. Planen er utvida i nord for å tilpasse mot fortau i Skarpenesvegen, samt regulere inn tilkomst for eigedom 328/46 og 328/7.

Følgjande endringar er gjort i føresegnehene:

Føresegnehene har fått nokre endringar i nummerering av paragrafane, og det har blitt lagd til generell føresegn under §2 «Felles føresegner for heile planområdet». Dei ulike overskriftene har fått tilvising til aktuelle paragrafar i plan- og bygningslova, og det har blitt lagd til nokre formål som ikkje var omtala i føresegnehene.

I §2.3 *Bygning som skal fjernast* har ein presisert kva for eigedomar som vert råka, òg skrive kva for plankart ein finn eigedomane på.

I §2.5 *Tilgjenge* har ein lagd til tekst om at busshaldeplassar skal utformast slik at dei kan nyttast av alle menneske på ein likestilt måte så langt det er mogleg, utan spesielle tilpassingar eller hjelphemiddel.

Under §3.7 *Beredskapsplan* har ein presisert at fv. 5312 Håtuftvegen skal punktutbetraast for å sikre tilkomst for utrykkingskjøretøy i anleggsperioden for fv. 5310.

I §4.1 Har ein presisert at føresegner frå kommunedelplanen er gjeldande for føremål henta frå den planen.

Under §4.2 *Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur* har ein lagd til underparagraf med felles føresegner for kategorien.

I §4.2.2 *Veg* ha ein ført inn kva eigedomar dei ulike felles eller private tilkomstvegane høyrer til.

I §3.2 *Ytre miljøplan* har ein lagt inn at YM-plan skal innehalde rutinar for å unngå spreieing av artar ved flytting av massar og deponering, som skal leggast fram før anleggstart.

I §4.1.6 har ein lagt inn føresegn for Vass og avlaupsanlegg.

I 4.2.1 er det lagt inn ein felles føresegn for samferdsel og teknisk infrastruktur.

Under 4.2.2 har ein lagt inn kva som er eksisterande vegar og kva som er ny veg.

I §4.2.4 *Fortau* og §4.2.5 *Gong- og sykkelveg* har ein presisert at fortau skal opparbeidast med fast dekke.

Under §4.2.10 *Teknisk infrastruktur* har ein presisert lokasjon på føremåla, då det no er regulert inn to trafostasjonar.

Under §4.4 *Landbruks-natur og friluftsformål, samt reindrift* har ein presisert kva formålet er tiltenkt.

Under 5.4 Høgspenningsanlegg har ein presisert Bandleggingssona H370.

Føresegnsområde #4 er lagd til i planen og omtala i føresegndene

Under §7.2 er det gjort presiseringar om fristar for tilbakeføring av områda nytta til mellombels rigg- og anlegg.

Deponering av overskotsmassar av delstrekninga Fosse - Moldekleiv

Vestland fylkeskommune har planlagt at reine jord- og steinmassar frå veganlegget, skal bli deponert på Espetveit, som ligg i omlag 2 km nord for planområdet. Arealet som er tiltenkt deponi består i dag delvis av myr og overflatedyrka areal, som brukast som beitemark. Med deponering av massane ynskjer ein å tilrettelegge for nydyrkning av om lag 28 dekar, gjennom oppfylling og planering overskotsmassar frå utbygging av fylkesveg 5310, delstrekning Fosse – Moldekleiv.

Søknad om deponi frå veganlegget blir handtert som eigen sak, uavhengig av reguleringsplan for Fosse – Moldekleiv, sak. 23/2179

Merknad og innspel til reguleringsendringa?

Merknader og innspel til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan du sende e-post til post@alver.kommune.no eller sende brev til Alver kommune, Postboks 4, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til Planforvaltning.

Plandokument ligg på kommunen si heimeside www.alver.kommune.no under Høyringar og kungjeringar.

Merknadsfrist er sett til 25.9.2023.

Med helsing

Alver kommune Plan og byggesak

Merethe Tvedt

Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

